


# Osingen



Årsskrift 1998  
Utgjeve av Os Mållag

14. årgang



## ***Etter festen***

av Jorunn Ravnskog

I nattestilla  
når lysa har brunne ned  
når festbordet er rydda  
når all latter, song og tale  
har sovna i mjuke senger  
i nattestilla  
lyser julestjerna i ei botnlaus natt  
over mennesket  
på ein sårbar klode

# Lio - garden som er så bratt

Av Gustav Moberg

Det har knapt hendt at ein som har kome til garden Lio for første gong, ikkje har teke fram sine mest rosande ord om utsikta: «Du all verda for ei utruleg utsikt!» Og bonden på garden må seia seg samd i det, men legg gjerne til at dersom ein kunne *leva* av utsikta, så hadde nok velstanden også vore utruleg. Utsikta frå tunet på Lio er kanskje den mest storlagde i Os, men garden er utan tvil også den brattaste og truleg den mest tungdrivne i bygda. I areal høyrer han til dei store, men det er berre nokre svært få mål der det er nokolunde flatt. Det har vore gardsdrift her i alle fall sidan før år 1600, og det er det framleis.

Lio er på over 500 mål, og av det er 440 mål skog. Frå naturen si side var det mest berre lauvskog, men skogplanting gjennom mange år har gjort at garden no har mykje verdfull barskog. Garden har 2 kilometer «strandlinje», men det er berre ein einaste stad der det er råd å lenda, og det er der dei har naustet. Elles er det berre endebratt berg. Og turen opp frå naustet er ikkje lett. På det brattaste er det hogge troppettrin inn i berget, 52 i tallet.

## *Til Fusa for å sjå Lio*

Det er ikkje urimeleg å tru at Lio er den garden færrast osingar har sett. Skal du sjå noko til Lio må du anten vera i båt ute på Fusafjorden eller ta turen over til Fusa - eller så må du ta turen til Lio. Vel du det siste, må du ta av frå Hegglandsdalsvegen på Tveit, kryssa dalen og deretter åsryggen som skil dalen frå fjorden - og så ber det bratt ned til du står midt i tunet og kan nyta utsikta langt innover i Samnanger, inn til Eikelandsosen og fjella innanfor, la blikket gli langsetter grendene i Fusa og utover til åsar og fjell i Tysnes.

Eit slit har det sjølvsagt vore å dyrka opp og driva ein så brattlendt gard, men det slår ein at transporten til og frå kanskje må ha vore

det aller verste. Før i tida var det mest ikkje skog til byggjematerialar på garden, og våningshuset er bygd av tømmer som vart hogge i Lygre langt sør i noverande Fusa kommune. Tømmeret vart samla i flåtar og slept til ei sag i Samnanger der det vart skore. Deretter vart det frakta sjøvegen til naustet på Lio - og *bore* opp til tunet, drygt 70 meter over havet.

## *364 stadnamn*

Arealet er stort, men det er berre nokre få mål som er så flatt at det kan kallast maskinland. Så smått er det med flat eng at garden aldri har hatt slåmaskin av det slaget som vart dregen av hest, slik det var vanleg på alle gardar for ein mannsalder sidan. På Lio gjekk dei rett frå ljåslått til den vesle, hendige motorslåmaskinen. Med den gamle driftsmåten var ljåen - og ikkje minst stutturvet - den einaste løysinga. Før drygt hundre år sidan hadde dei 12 mjølkekyr på garden, og då måtte ikkje eitt grasstrå gå til spille. Det vart slått på alle tenkjelege stader i innmark og utmark. Kvar minste flekk måtte utnyttast. Den uvanleg kronglete og mangslungne topografien på Lio kan vera årsaka til at det er funne så mange stadnamn på garden. Asbjørn Øye som som i si tid var rektor på landbruksskulen på Stend, gjekk i gang med å samla stadnamn på gardar i Hordaland etter at han vart pensjonist. Han har fortalt at han vanlegvis fann omkring 200 slike namn på gardar i Os, men på Lio fann han ikkje mindre enn 364. Det var altså minst 364 haugar og søkk og jordlappar som hadde særnamn. Så visste ein alltid kva for ein stad det galdt, utan lange forklaringar. Når så høyet frå dei mange slåtteteigane skulle i hus, vart det i stor mon bore heim på ryggen. Også i det ein får kalla nyare tid vart t.d. alt høyet til sauene bore heim. Det kunne vera 70-80 bører. Og der ein slo, måtte det også gjødslast. Då vart det meir bering - av sauemøk i kipe på ryggen.



*Tunet på Lio med brattlendt skog omkring*

For å få nok for til dyra, måtte dei nytta alt naturen gav, ikkje berre gras. Gjennom tidene har dei brukt mykje lauv som tilleggssfor, det ser ein m.a. av dei mange gamle stuvane rundtom i marka. Lauv av alm var særleg verdfullt. Guro Lien som no er 93 år gammal, fortel at ho dreiv mykje med å raspa almelauv som ho slo kokande vatn på. Det var eit framifrå grisefor. «Asbjørn Gjerdal som kom her og slakta, let alltid vel om grisene våre», seier ho. Og sonen Magne minnest ei regle etter bestemora om at «Alm legg merg i bein». Og han viser til at hjorten er svært glad i borken på almetrea. Det var nett den borken som vart bruka i naudsår i gammal tid - i borkebrødet.

Slåtten var ei travel tid i 1930-åra, og Guro minnest at ho hadde 12-13 menneske til bords heile sommaren. Det var slåttekarakar, dreng og taus i tillegg til dei som budde på garden. Når folk i Hegglandsdalen var ferdige med sin eigen slått, kom dei til Lio på dugnad. Det var lenge så å seia reint naturhushald. I tillegg til dyrehaldet - med kyr

og sauer, eit par geiter, griser og høner, hadde dei poteter, grønsaker, frukt og bær. Dei selde ein god del rips og solbær, og pengane gjekk m.a. til innkjøp av sukker, så dei kunne sylta og safta til eige bruk og ha nok heile året.

#### *Tunneband og knott*

Attåtarbeid som gav ekstra inntekter var alltid viktig. Guro som opphavleg er frå Skorpo i Kvinnherad, minnest at då ho første gongen kom til Lio, «sat Mons'n i støvo og smidde hatleband.» Lange, smidige emne av hassel (eller hattel som det heiter i Os) vart kløyvde og brukte til tunneband. Og hassel var det mykje av. Heilt til opp i 1950-åra hogg dei hassel til eit par hundre buntar med band. I ein bunt var det 21 stakar, og når dei selde til tunneprodusentane på Boga fekk dei frå 2 kroner til 2,50 for bunten.

Elles var vedhogsten viktig, ikkje minst i krigstida. Svartolder var særleg etterspurd. Det var fordi dei motorkøyretøya som var i drift - stort sett bussar og lastebilar - gjekk på gass som vart produsert av knott. Knotten var

små vedkubbar eller klossar, helst av svartolder som gav særleg effektiv gass. På Lio vart det hogge opptil 60 mål ved kvart år i krigstida. I brattlendet gjekk det greitt å senda veden ned i løypes-treng og i ei trerenne ombord i «Lønningdal I» eller «Håvik» som låg nedunder berget og tok imot. Og Osbilane var ein god avtakar.


Dei har drive mangt og mykje på Lio. Ei tid var der revegard der, utan at det vart så god butikk av det. Det har vore smedar på garden, ein særleg forseggjort ambolt er eitt av minna om det. Og dei har drive møbelproduksjon. I kjellaren står det enno ei bandsag og ein avrettar og vitnar om det. Hardaste slitet hadde dei nok når dei ferdige møblane skulle fraktast til mottakarane. Den dag i dag kan ein sjå den kjerrevegen der hest og folk måtte slita seg opp med lass i svingar så tronge og bratte at ein berre må undrast over om produkta verkeleg kunne koma fram i heilo.

(Den som skriv dette har høyrte ein skjemtsam hegglandsdaling fortelja at ein mann i dalen hadde kjøpt ein hest frå Lio, og det heitte seg at denne hesten hadde vondt for å gå beint fram, han ville alltid ta krappe svingar).

Lio fekk ikkje bilveg før omkring midten av 1960-åra. I kommuneleinga var det dei som var redde for at garden ville bli avfolka før vegen vart ferdig, men det kom pengar frå Landbruksdepartementet til vegen, og Lio er enno ikkje avfolka.

### Dyr i tre etasjar

Magne Lien, som no har drive garden i mange år, kom til at det ikkje kunne vera rekningsvarande å investera i nye driftsbygningar, men at det måtte vera betre å tilpassa drifta etter dei bygningane som var på garden frå før. Det førte m.a.til at han har hatt dyr i tre etasjar i same bygningen - kyr i første, sauer i andre og høns i tredje. Og det før-



Årstalet viser kor gammalt huset er.

Foto: Hilmar Flaterås

te til at det særmerkte frå eldre tid er teke var på: Det er framleis åtte bygningar på garden.

Han slutta med mjølkeproduksjon omkring 1975, og har seinare drive med kvi-ger, sauer og opptil 400 høns.

### Framtid i skogen?

Men elles er skogen stadig blitt viktigare. Som nemnt var det lauvskogen som dominerte, men for omkring 50 år sidan tok dei til å planta gran og det heldt dei fram med i mange år.

Mellom 200 000 og 300 000 gran vart planta og det ser dei resultatene av no. Skogen har ein årleg tilvokster på

omkring 300 kubikkmeter og skogsdrifta står for halve årsinntekta av garden, fortel Magne Lien som nyleg har fått utarbeidd ein skogbruksplan. Han har bygd 1,5 kilometer skogsveg og har plan om 800 meter til. Og han har gleda av å kunna hogga på det han sjølv planta i unge år. Jamvel om fortene- sta på skogen ikkje er så stor, er det betre å nytta ledig tid om vinteren til hogst, meiner Magne. Det kan vera eit problem at dei som dreiv rettleiing i skogplanting for eit halvt hundre år sidan, ikkje alltid tenkte så mykje på korleis ein skulle få frakta tømmeret ut or skogen. Det vart nok planta på ein del util- gjengelege stader som ein ikkje ville ha nytta i dag. Ein ukunnig lekmann spør om det ikkje er lett å løysa på ein så bratt gard - sleppa det rett utfor og la det gå i sjøen? Men det går nok ikkje anna enn for tømmer som skal brukast til slipp. Skurtømmer som har vore i sjøen vil ikkje sagbruka vita av, så det må landtransport til.

Så er det kanskje skogen som tryggjer drift på Lio i framtida? Tja, Magne Lien dreg litt på det. Han nærmar seg sjølv pensjonsalderen, og då kjem han i alle høve til å trappa ned. Og det kan vel vera uvisst om ungdom i dag vil satsa på den brattaste garden i bygda.

Sjølv om utsynet frå tunet er det aller gildaste, er ikkje det noko å leva av.

# EIN TYSDAGSSEILAS

av Eirik Lyssand



Foto: Os & Fusa-posten

## Os-meisterskap i segling

Det er tysdag ettermiddag. Arbeidsdagen er slutt og klokka drar mot halv seks. Ein straum av bilar set kursen mot vest- over Ulvensletta med retning mot Strøno. - I baksetet av ein av desse bilane sit ein vinsjsveivar klar til kveldens dyst. Kapteinen er førar no, og er sosial - i dag i alle fall. Han har unnagjort ein kort stopp hos Drageset for å kjøpe skillingsbollar. Noko lokkemat skal mannskapet ha. Har dei skillingsbolle og kaffe å sjå fram til toler dei nok å bli hersa med ei stund - tenkjer han.

Over Strønebruo sakkur han litt på farten. Er det eit drag vind oppi Krokane? - Det ser bra ut. - «I dag guta blir da spinnaker heimatt.» - I baksetet krympar det seg i

magen. Prestasjonsangsten murrar. Skal vi no til med alt det taukavet igjen? - Tenk om vi må jibbe spinnakerbommen. Kan vi ikkje berre ta oss ein roleg kveld på fjorden - og gi oss tid til å vere sikker på at vi drar i rett tau - til rett tid.

I hamna er det hektisk aktivitet for å gjere båtane klare. Dei seriøse lossar båten for all ekstravekt.- Til slutt ligg det kilometervis med taukeveilar, ekstraseil, kjetting og dreggar att på flytebrygga. Framkommelegheita for dei som skal fram til båten sin og ha ein stille kveldstur på fjorden blir heller dårleg.

Stemminga er lett nervøs. Korte helsingar blir utveksla. Den mentale oppladninga er

alt byrja. Motorar blir dradd i gang, og tros-ser løyst. Gjennom duren høyrest berre glaumen frå Kiskan: - «Aaaaarne -har du hørt denne?» - Nokon lærer aldri - her skal det vere alvor. Ut frå hamna stemner: Amanda «ho som elsker» - Godemine «kven elsker ho» - Akina og Zalophus «kva tyder no det» med Larus «måsen» hakk i hel- og til sist Strønejentene Catharina og Siv - På Siv er eg med.

Utover mot Strøneosen skal det jobbast - drakter blir trekt på - storseilet hala opp - og val av forseil drøfta. - For nokon blir den- ne vekas kurs i å slå pålestikk halde - Gjennomsnittsalderen på mannskapa er så høg at alle har medlemskap i korttidsmin- neforeningen. Kor sterk er vinden? Er det vind? Kva retning vil vinden kome frå når vi kjem utpå? Kven er med i dag. Kva plasse- ring må vi ha for å avansere på samanlagt- listene? - Dei same spørsmåla blir stillt kvar tysdag - ingen bryr seg om svara - spørsmåla må berre stillast.

Lepsøyjentene kjem sigande ut frå sine hamner - Ina-Kristine, Selma, Silje og Irene. Litt lenger ute er båten med namn frå Østens rike alt på plass -

Det er ein fin ettermiddag, men kven har tid til å nyte det no? Kva veg går straumen - kva blir det tenkjelege løypevalet? Ser det ut til å bli meir vind? - Det kjem kanskje ei bygge snart? Spørsmåla må stillast.

Båtane tar teststartar med påfølgjande tu- rar litt ut i fjorden for å teste retning og sjekke evt. vindsnu. Seilstramming og skjø- tepunkt blir vurdert. Det blir kryssa,- jibba og lensa. Nokon må slå lens av nervøsitet. - Motstandarane blir studert og vurdert - Kven er med på den båten i dag?. Har ikkje han fått nytt seil? - Var det han som var oppe på slippen i forrige veke og tok full overhaling av alt under vasslina? Spørsmålstillinga held fram.

Klokka drar mot 18.20 - Startbåten legg seg i posisjon - 10 min skotet går - og flagget med løypeval kjem opp. Brått skjer det en- dringar i stemninga. Det blir stille ombord

Kapteinen vår- til vanleg ein sosial person som etterkvart skulle kjenne mannskapet sitt godt nok- blir fjern og konsentrert - og begynner gi ordrar til imaginære personar. Vi har til dømes Erling og Eirik ombord, og dette blir til Eirling. - Vi er forståelsesfulle og gjer det vi trur vi får beskjed om.

Fem-minutterskotet går - Klokkene blir synkronisert - og no blir da heilt stille. Alt som høyrest er blafring i seil, og vinsjer som knitrar når skjøtene blir stramma - ja bort- sett frå på Tayo, der Ottoen har ein kom- mentar til alt og alle. Båtar kryssar fram og tilbake langs startlina som travhestar før eit stort pokalløp. To-minutt - eit -minutt - 30 sekundar. Roleg -vi er litt tidleg - skotet går - køyr!

Aktiviteten blir hektisk. Mannskap spring fram og tilbake på dekk og drar i skjøter før dei set seg på ripa. Vektfordelinga må vere rett. Styrbord! skrik kapteinen til ein som kjem kryssande med babord halse. Det er tett med båtar - og alle jaktar på det same - fri vind. Etter eit par minutt har kapteina- ne gjort sine val og båtane byrjar spreie seg. Det som er av vind kjem frå nordvest - turen skal gå tur/retur Kyrholmen. Det er mot- straum - Dei fleste siktar rett mot målet, men nokre luringar vil dra fordel av attabe- re langs Strønelandet i von om ekstraløft og med det vinne meter. Nokon veit - andre tar ein sjanse- og resten følgjer dei andre.

På Siv er stemninga lett euforisk - Dævelen for ein start - Såg du fjeset på Hjordengen når han blei liggjande i vind- skyggen for oss. - Nei i dag har vi taket på dei andre. Taktikken blir drøfta ivrig - og teorier blir kasta fram - og forkasta. Skal vi gjere mytteri og ta roret frå kapteinen før han gjer kveldens tabbe? - Nei, vi lar han få ein sjanse til.

Farten er ikkje stor - hos oss. Dei raskaste båtane sig frå oss - med høgare kurs. Kva lurt kan vi gjere i dag? Det blir aldri slutt på spørsmåla.

Tida går og vi nærmar oss vendemerket. - Dævelen, kjem han i kveld og. Frå styrbord

kjem eit stort, svart og kvitt monster fossande. Ferja frå Krokeide har stø kurs mot feltet - og ho er mykje større og sterkare enn oss. Men her er det snakk om å vinne heider og ære - vi vik ikkje før vi må - ferjo vik ikkje i det heile tatt. Finnest det noko val??? - Tayo er sta og nesten klør baugen på ferjo med toppen på masta der ho kryssar seg fram - Søren, han klarte det - han kjem vel framfor oss på resultatlista no, blir det kviskra innbitt før vi motstrebande gjer eit kjapt slag for å kome unna dei verste staumkvervane.

Rundt Kyrholmen er dei andre rimeleg nær, og no begynner faenskapet - finn spinakerposen! - fest posen! - meir grønt! - opp med bommen! - fest brasen til bommen! - stram gul! - løys blå! - dra opp! - pass på! - få ned Genovaen! - gjer no det du får beskjed om når du får beskjed!!! - Legg merke til at eg her gjer bruk av eit sobert språk utan å påkalle oppmerksomheten til høgare eller helst lavar makter. Kva om me hadde hatt damer ombord? - Når det er alvor er språket eit heilt anna!! Det er jo ein mannfolksport vi snakkar om.

## **Blomen**

av Jorunn Ravnskog

Ei stund går det bra - Siv og Laurus skal med lystall 1.04 ligge litt bak dei andre - saman med dei som anten har gjort store tabber, eller berre er på kosetur, men når vi nærmer oss Allholmen skjer det noko. Kveldsstilla slår til og seila blir impotent - Dei berre heng og sleng.

Dei raske båtane er nær målet og klarer på eit vis sige over mållinja - På Siv får vi nok ein kveld nyte solnedgangen og gjere grundige studiar av Vestsida av Strøno før vi sig over mål lenge etter dei andre.

Ja, ja, det var den seilasen. På Siv er vi som Terje Viken - der han stura ein dag eller to - sturar vi berre eit eller to minutt - vår fortviling går over - gløymt er kjefting og smelling. No skal kaffien fram og skillingsbollar forterast - og filosoferinga på kva som gjekk galt tar til - Eg skal ikkje sitere alle merknader, men heller sitere den tyske poeten Goethe som sa: *«Intelligente mennesker er aldri så skarpsindige som når de har urett»*

Er det nokon som lurar på kvifor vi gjer dette år etter år - tysdag etter tysdag? - Til det er berre å seie - Prøv det - yt først og nyt etterpå.

Blomen frå deg  
visna aldri  
kronblada bretta seg ut  
og fall av  
eitt etter eitt  
stengelen bøygde seg  
og miste safta  
men blomen frå deg  
visna ikkje  
han var berre pakka inn  
i eit roseskal.



# Til Tyskland for freden

av Arthur Lunde

**Det var ifjor 50 år sidan dei første norske soldatane gjorde teneste for FN i Tyskland. Fleire osingar var med. Ein av desse har festa sine inntrykk ned på papiret etter opphaldet i Brigade 481 i 1948.**

Året er 1948. Troppe-transportskipet KNM Svalbard ligg ved kai i Porsgrunn klar til avgang. Det er ein råkald dag først i februar månad.

Om bord er det omlag 1000 norske soldatar som skal til Tyskland for å tenestegjera i Brigade 481.

Nokre av soldatane er frå Os, somme frå andre bygder kring Bjørnefjorden. Elles er det gutar frå alle kantar av landet.

Soldatane høyrer til ymse avdelingar. Me som er i Transport- og forsyningskompaniet har hatt Sør-Gardermoen som vårt øvingsområde. Hartz i Tyskland er neste.

KNM Svalbard, vel 7000 tonn, har vore tysk hjelpekryssar, bygd i Hamburg i 1938. Noreg hadde kjøpt båten frå USA, som etter krigen fekk båten i krigsbytte.

Båten er ominnreidd til troppettransportskip. I lasterommet er det slege opp smale plankekøyer av uhøvla materiale, fire i høgda. Det er så trangt mellom køyene at ein nærast må pressa seg inn. Livbelte er påbode dag og natt, så mobiliteten er svært liten. Timane går. Båten ligg framleis ved kai. Det blæs kuling. Sjøen på overfarten til Cuxhaven er for grov. Men endeleg melder vervarslinga om betring i veret - båten stikk til sjøss. Sjøgangen er framleis kraftig og dei fleste soldatane er utslegne av sjøsykje.

Krigen i Europa var slutt. Tyskland hadde kapitulert tidleg i mai 1945. Tilhøva i landet var kaotiske. Vinnarane av krigen måtte no vinna freden. Det vart ei langdryg og vanskeleg oppgåve. Ein strir framleis med den.

## Brigade 481

Dei fire store - USA, England, Frankrike og Sovjetunionen hadde delt Tyskland i fire okkupasjonssoner. Russerane hadde heile Aust-Tyskland under sitt herredøme. Britane hadde Nordvest-Tyskland med byane Hamburg, Bremen, Hannover og Göttingen for å nemna nokre. Amerikanarane hadde Sør-Tyskland og franskmennene hadde landet vest for Rhinen.

Etter avtale med Vestmaktene deltok Noreg med militære fredsstyrkar i ein oppbyggings- og normaliseringsperiode i Tyskland etter krigen.

Den første norske brigaden kom til Tyskland først på nyåret i 1947. Frå og med dette året sende Noreg tolv brigadar fordelt på seks år. I kvar brigade var det om lag 4000 mann. Dei norske brigadane 471, 472 og 481 fekk tildelt Hartz som sitt ansvarsområde. Deretter vart dei norske brigadane flytta til Schleswig-Holstein i Nord-Tyskland. Hartz ligg sør for Hannover og sørover mot Göttingen-området. Mot vest gjekk grensa ved elva Weser. I aust hadde vårt område omlag 30 mil grense mot den sovjetiske sona.

Den norske brigaden skulle overta dette ansvarsområde etter den britiske Yorkshire-divisjonen sin 13. brigade, som no hadde fått andre oppgåver. Frå januar 1948 vart resten av Yorkshire-divisjonen trekt ut av Tyskland. Den norske brigaden - Brig.481 - vart då direkte underlagt Hannover distrikt. Dermed vart «Hannover-gampen» avdelingsmerke for Brigade 481 i staden for «Y» for Yorkshire-divisjonen. I september 1948 vart den norske brigaden overført til Schleswig-Holstein og fekk difor nytt avdelingsmerke: Blått kors på gult våpenskjold. Brigaden i Tyskland heldt store, realistiske øvingar saman med danske og britiske styrkar. Oberst Vigar Aabrek skreiv i ein artikkel



*Ombord på «Svalbard» til Tyskland 1948. Artikkelforfattar til venstre*

i Bergens Tidende den 18.01.97, mellom anna: «Mannskapene og avdelingene fra Tysklandsbrigaden var etterkrigstidens best utdannede soldater og utgjorde i mange år kjernen i vår mobiliseringshær.»

I dei første åra etter krigen var store deler av Tyskland som ei slagmark. Byar, hamner og industriområde låg i ruiner. Folk, særleg i mange byar, levde i stor naud. I dei utbomba byane hadde mange funne seg husvære i rester av skadde hus. Mat og klede var manglevare. Men dei som kunne «orga», profitterte på svartebørshandel. I gatene vandra holkinna, storøygde barn rundt på tigging. I mangel av mannleg arbeidskraft var det helst kvinner å sjå i oppryddingsarbeidet.

Transporten frå hamna i Nord-Tyskland til Hartz gjekk utan dramatik. Transport- og forsyningskompaniet heldt til i Northeim, ein liten by litt nord for Göttingen. Seks månaders teneste i Tyskland tok til med hard fysisk trening og formaningar om dagleg teneste og fritid. Me skulle ha minst mogeleg med tyske sivile å gjera, og det var forbode å halda lag med tyske jenter.

### **Leirliv**

Ein av dei første dagane i leiren vart me tekne med til ein oppstillingsplass, der vasket av ein militærmotorsykkkel var plassert på ei plattform. På treveggen bak motorsykkelen var følgjande tekst malt med store bokstavar: VI HAR BEGRAVET HAM. BLIR DU DEN NESTE?

Kompaniet hadde mange transportoppdrag og det vart nok i mange høve trødd noko hardt på gasspedalen. Fine vegar freista over evne. Diverre vart ein av sjåførane i vårt kompani den neste. Ved ei trafikkulukke kvelva lastebilen og sjåføren omkom.

Mange tyskarar arbeidde i leiren vår med ymse oppdrag. Mellom anna var der eit stort bakeri. Alle sivile arbeidarar til og frå leiren måtte innom arbeidskontoret like ved leirporten. Nokre i kompaniet vårt vart plukka ut til teneste på dette kontoret fordi me kunne nok tysk til kvardagsbruk.

I bakeriet var det matvarer nok - mjøl, sukker og margarin. Stor som matmangelen var utafør leiren, vart freistinga stundom for stor. Fleire tok sjansen på å raska med seg noko til dei som sat heime og ven-

ta, eller for å bruka desse ettertrakta varene på svartebørsen. Men svært få kom seg gjennom arbeidskontoret før lommer og vesker var tømde.

Dagleglivet i leiren var nokså trivielt. Velferdstenesta gjorde sitt beste med soldatrestaurant og kino som faste innslag nede i byen. Leiren hadde eit godt bibliotek. For ein del av oss var biblioteket det beste velferdstilbodet.

København vart populært reisemål då tida kom for langperm. Danskane var og er eit triveleg folkeferd. Me var innom tivoli mest kvar dag. Der vart me rivne med i det yrande folkelivet - det var jo ikkje forbode å sjaua med dei danske jentene!

### Heksene på Bloksberg

Fleire helgeturar gjekk til Brocken (Bloksberg). Brocken er eit 1142 meter høgt fjell i den austlege delen av Hartz. Toppen av Brocken låg like innafor den russiske sonegrensa. Frå vegen, som gjekk over fjellet på vår side av sonegrensa, såg me over til eit observasjonstårn med sterkt væpna russiske soldatar på vakt.

I europeisk tradisjon vert det fortalt at



Utsyn frå Broeken mot aust

heksar møttest på Brocken Valpurgisnatta (Valborgsnatta) - natt til 1. mai. I folketrua heldt heksene gjestebod med djevelen. I Norden er liknande tradisjon knytt til lokale fjell.

På ein biltur i Tyskland i 1992 var eg igjen innom Northeim og trødde litt i dei same gatene som me mange år tidlegare hadde marsjert opp og ned i, med våpen i hand.

Frå Northeim køyrde me over Brocken. Der nytte me eit måltid mat i restauranten som ligg like ved vegen der fjellovergangen er på det høgste. Me såg ingen heksar - men så var det heller ikkje Valpurgisnatt då me var der.

Her høver det å setja punktum - 50 år etter den første gongen eg var på Brocken.

---

## Klungrerrosa

av Jorunn Ravnskog

Tett inn til den grå fjellveggen  
fann eg klungrerosa.  
Raud og varm kledde ho berget  
torne og blad klora seg fast i djupe furer.

Noko så vilt og vakkert  
som klungrerosa  
ho treng ikkje krystallvase for å ta seg ut.

Angen kjenner berre den  
som ikkje ottast tornene  
og det grå fjellet.

# BARNE SIDER

AV ELEVAR I 7. KLASSEVED SØRE ØYANE SKULE

## ØYANE

av Kjellfrid Angelskår

Ut imot Korsfjord og Bjørnafjord  
finn me den finaste plass på jord.  
Her ligg dei - Øyane - heimen vår,  
som lyser i minnet kvar helst me går.  
Kor me enn ferdast - på sjø og land,  
lengtar me heim til vår eiga strand,  
til knausar og vikar  
og alt som me likar.  
- Ja, Øyane er oss så kjær -

Refr:

Holmar og skjær og øyar  
kviler i kveldblå dis.  
Tangane ut seg tøyer -  
Her er vårt «Paradis».  
Fyret og Kobbavågen -  
kvile for sjel og sinn,  
båtar som voggar på fjorden  
i svalande solgangsvind.


Her ut i Øyane vil me bu,  
byggja oss heimar i von og tru.  
Her finn me kvile for trøytt sinn,  
her legg me årane roleg inn.  
Her kan me driva i stille stund.  
Holmane ligg som i søndagsblund.  
Måsen og «tedna»  
slår følgje så «gjedna».  
- Ja, Øyane er oss så kjær -

Refr:

## HOBBYEN MIN

Vi er to gutar som driv  
med krabbefiske i  
Øyane. Vi er ute og drar  
teiner kvar dag. Vi får  
som regel krabbar. Det  
er gøy fordi vi tener my-  
kje pengar.

Vi har tre teiner som er  
heimalaga. 1. oktober be-  
gynner hummarsesongen, men  
hummar sel vi ikkje. Hummar er gøy-  
are å fiska etter. Så neste sommar fiskar vi meir krabbe.



Kim-Erik

## VITSAR

- Skal vi spele kort?
  - Nei, eg vil heller spele lenge.
  - Veit du kvifor parkvesenet tek inn alle benkene før vinteren?
  - Nei!
  - Dei er redde for at frosten skal setje seg.
  - Svigermor mi er ein engel.
  - Heldiggrisen, mi lever enno.
  - To spøkelse gifta seg og etter nokre månader fekk dei eit lømmetørkle.
- PÅ JAKT**
- Ein svenske var på jakt og kom over eit spor.
  - Dette må vere eit revespor, sa han og vart påkøyrd av toget.

# WORD


Kryss ord.	Gutte namn.	Vill Heste RASE.	Dann.	Over bakke og ....	Engelsk: gå inn i.	Tor Grimstad	Dame-tv figur.	
RETT. →								Veg i skogen. ↓
Glipping							Dammur-	
Elna Ovrensen			W S T O R					
	Kald- dessert. ↓		A L E I N E			TAL → ELI Vigard.		
				S A V I S				Romer tall II
			S I M E L.			Rune Ovrensen		
Is og... ☁	Dyr. → →						Fred og ...	

## SAGN OM SKATTEN PÅ HESTAHØLMEN

Det er nokon som seier at det er ein skatt på ei øy som heiter Hestahølmen.

Du ser nøkkelen når sola står opp, og nøkkelen lyser i nøkkelholet.

Sagnet fortel at det var ein fattig mann som stal frå dei rike og gav til dei fattige. Det han hadde til overs, gøymde han på Hestahølmen.



### GÅTER

1. Veit du kven som eig kyrne i Arabia?
2. Veit du kvar skjeletta drar på ferie?

## FLEIRE VITSAR

- Ein flokk kineserar er på ferie i Noreg. Leiaren deira går bort til to menn og spør på norsk: - Vi har høyrte at alt er gratis i Noreg, og at vi kan ta med alt vi vil attende til Kina. - Er det verkeleg sant? -

Mennene nikkar og kineserane går glade vidare.

Etter ei stund spør den eine mannen den andre: Did you understand what they said?

## I NORSKTIMEN

Læraren: - Kolon tyder ...

Ole: Kan eg gå på do?

Læraren: Nei, du får vente til friminuttet. No, kor var me? Jau, hugs at kolon tyder: No kjem det.

Nei, men Ole, kvar skal du?

Ole: Kolon, kolon, lærar.


## SKREKK OG GRU

- Kvar er karakterboka di?

- Per har lånt ho!

- Kvifor det?

- For å skremma foreldra sine.




### HERREDSBUDGET 1898:

Udgift:	Skolebudget .....	10.100,-
	Amtsskat .....	3.191,-
	Renter og Afdrag .....	900,-
	Skyds og Diæt til Sognepræsten.....	375,-
	Lensmanden .....	83,34
	Veivæsenet .....	300,-
	Thinghold .....	75,-
	Revisoren .....	20,-
	Ligningen .....	100,-
	Jordmødrene .....	160,-
	Regnskabsføreren .....	80,-
	Ordføreren .....	40,-
	Rigsforsikringen .....	25,-
	Assurance, uforudseende	
	Udgifter m.m. ....	508,66
	.....	15.958,-
	Indtægter: Skolen .....	2.810,-
	Div. Gebyr/Afgifter .....	348,-
	.....	3.158,-
	.....	12.800,-
	Skat: Paa Ligning .....	kr. 8.000,-
	Paa Matrikul.....	4.800,-

# Den store sildetida i Søre Øyane

av Kåre Johnsen



«Øyabåtar» i Os kommune i samband med Os-mønstringa 1959.  
Frå venstre: Ida K, Røttingen, Buland og Hargun

Sildefiske og sildesalting var i lange tider eit viktig innslag i arbeids-og næringslivet i Os, særleg då i den ytre delen av bygda. Silda var viktig på Osøyro på grunn av «sildafabrikken», hermetikkfabrikken Bergen Packing Company eller «Peking» som bygdefolk sa. Men ingen stader var sildefisket og silde-sjauen på land så dominerande som i Søre Øyane. Osingen har bede Kåre Johnsen fortelja om dette. Han kjenner særleg godt til saltinga og det andre sildearbeidet som gjekk føre seg på land, men han strekar under at han ikkje var med på sjøve fisket. Men det manglar ikkje på øyakarar som har vore med i det harde slitet på sildefelta og som kan fortelja om det. Her kjem noko av det Kåre Johnsen har henta inn frå fiskarve-teranar og det han sjølv har vore med på.

## «Ingebero», «Gamlabasko» og brislingen»

Det var to slags sildefiske, brislingfisket i som-marhalvåret og stor- og vårsildfisket i vinterhalvåret, så det gjekk meir og mindre i sild året rundt. Søre Øyane hadde tre brisling-bruk. Hovudfartyet i eit brislingbruk vart kalla «basko» og dessutan var det følgjaren, notbåt og lettboat. «Baskena» hadde skikkelege namn. Hauabruket hadde «Ingeborg» som vart uttala «Ingebero», men skøyta vart gjerne også kalla «Hauabasko». Ei skøyte hadde det poetiske namnet «Svanen», men gjekk helst under den noko meir prosaiske nemninga «Gamlabasko». Den tredje var «Selma».

Skøytene var på 40-50 fot og svært breie, og det var ikkje rart med komfort for dei 10-12 karane som skulle arbeida, eta og sova ombord. Dei låg i køyer i rommet, minst to mann i kvar køye. Dei heldt seg med brødmaten sjøve, men hadde middagen i lag, og kokken var oftast ein før-

stereisgut i konfirmasjonsalderen utan den heilt store røynsla i kokekunsten.

Då tida deira var ute, vart «Hauabasko» seld til Lysefjorden. Den aller eldste - «Gamlabasko» vart kondemnert og søkkt. «Selma» vart derimot ombygd og fekk eit nytt liv i vintersildfisket.

#### *Den første snurparen*

M/K «Røttingen» heitte den første snurparen som kom med i vintersildfisket. Det var ein «engelskman», ein seglkutter som var innkjøpt i England, segla heim til Noreg i 1936, vart ombygd og fekk innsett ein tosylindra Wickmann-motor på 100-120 HK, svære greier den gongen. Eit år eller to etterpå gjekk han på vintersildfiske, og seinare kom det fleire snurparar til Søre Øyane, «Vikar 1», «Buland», «Busen», «Tressund» og altså «Sundøy» som før hadde vore «basko» «Selma». Det kunne vera 19-21 mann ombord i desse båtane som ikkje var så store, dei kunne lasta frå 1100 til 3000 hektoliter, og dei fiska for det meste innaskjers. Når dei skulle kasta, hadde dei to dorryane kvar sin halvpart av nota, med midten av nota hengjande over hekken på snurparen. Lettbåten med basen og to roarar vart sett på sjø. Basen sat med loddet, som den gongen verkeleg var eit lodd i enden av ein streng. På strengen kunne basen kjenna om det var sild i sjøen og kor stor «sildadotten» var. Dorryane vart sette på sjøen, basen dirigerte dei i posisjon. Når han meinte tida var inne, ropa han «La gå!», så vart nota sett frå dorryane slik at silda vart ringa inne. I botnen på nota var det ringar med ei line gjennom. Den vart strama inn, så nota vart snurpa saman. Det er forklaringa på namnet snurpenot. Så tok mannska på dorryane - seks mann i kvar båt - til å «kava» nota innatt i dorryane, slik at silda vart trengd meir og meir saman i ein mindre notpose, og etter kvart vart fangsten håva inn i rommet på hovudfartyet. Det var mange gonger eit hardt slit for fiskarane - og ikkje alltid ufarleg. Det er fortalt om sildestimar så store at dei drog dorryane under. Det hende at båtane for ned med nota og kom oppatt med botnen i veret, men det var sjeldan det gjekk liv tapt.

#### *Kraftblokk og nye tider*

Omkring 1959/60 forandra fisket seg mykje på grunn av kraftblokka. Då vart nota sett frå hovudfartyet, dorryar vart ikkje brukt meir, snurpinga vart gjort frå båten og dei nytta motor-kraft til «kavinga». Dessverre hende det at det vart montert kraftblokk på båtar som eigentleg



*Sortering av saltsild*

ikkje var store og stabile nok. Det skjedde med «Tressund» som tippa rundt under kasting. Ein familiemann frå Øyane sette livet til.

I våre dagar er snurpefartya mykje større, dei lastar opptil 20 000 hl. Samtidig er mannskapet redusert til om lag det halve. Utstyret og tilhøva ombord er heilt annleis. Dei arbeider i livd under shelterdekket, og ein velrøyd fiskar seier det slik: «Eg går i tøflena te me ska te å ta noto idnatt».

#### *Seks salteplassar i Søre Øyane*

Vintersildfisket gav arbeid til mange på sjøen, og mykje arbeid vart det også for mange på land. Frå tidleg i 30-åra til midt på 60-talet var sildearbeidet om vintrane

eit viktig innslag i arbeidslivet i Øyane. Ei tid var det seks salteplassar her. Nokre stader salta dei berre i tunner, men på to-tre stader hadde dei store, støypte kummar som dei salta silda i. Men anten det var tunner eller kummar, vart silda handsama på same måten. Når det kome fiskefarty eller føringsbåt med sild, hadde arbeidsfolka å møte fram, same kva tid det var på døgeret eller kva dag det var i veka. Det var ikkje skilnad på natt og dag og slett ikkje på helg og kvardag.

Fem mann hadde lossejobben som var særleg ettertrakta fordi arbeidet var akkordbetalt og såleis kunne gje meir inntekt. Fire mann var i rommet og håva silda i hektolitermål som var



heist opp og som femtemann tømde i ei stor trerist på land. Femtemannen stod i «storten», ordet kom vel av at han sturta silda i rista. Attmed rista stod åtte kvinner, to og to på lag. Dersom dei salta i tunner, hadde den eine kvinna til oppgåve å håva sild i tunna, medan den andre strødde salt i etter kvart. Dei fulle tunnene vart køyrde ut på ein lagringsplass der det seinare vart sett botn i tunna. Det skjedde til vanleg dagen etter. Dei kalla det å «slå te». Når botnen var komen på plass, vart tunnene lagt i lag i tre høgder - tirar vart det kalla. Der låg dei til utpå våren når silda skulle «leggjast om». I mellomtida var det folk som hadde jobb med å «rulla om». Det gjekk ut på å bora hol i «buken» på tunna og etterfylla med saltlake for at silda ikkje skulle «ta seg». Holet vart plugga med ein kapun, ein maskinlaga plugg.

Der dei hadde kummar å salta i, vart silda lagra i kummane. Elles var arbeidet det same der.

#### *Hard tid og smått med søvn*

Dette var ei hard tid. Rett som det var hende det at ein berre såvidt var komen stuptrøytt til sengs utpå morgonsida, så kom beskjeden: «Du må koma på sildarbeid!». Det vart ikkje alltid så mykje søvn å få. Eg lurar på kva våre dagars arbeidstilsyn ville ha sagt! Heldigvis - trur eg at eg vil seia - var ikkje arbeidsmiljølova oppfunnen den gongen.

Dette hardkøyrte kunne gå føre seg i vekevis dersom veret og fisket var godt. Det var nesten slik at ein ønskte ruskeveret velkomen!

Men det var ikkje gjort med å få silda i salt. To-tre månader seinare skulle ho takast att og leggjast om. Då tok dei silda opp or tunnene eller kummane og la henne på eit langt bord. Det var mannfolkarbeid. Så overtok kvinnfolka som her også arbeidde i lag på to og to. Den eine stod ved bordet og sorterte silda etter storleik i «strokkar»

Strokkane var tunneliknande bidne som var litt vide oppe, slik at det var lettare å treffa. Sorteringa gjekk i stor fart. Her var det ikkje berre konkurranse om kronene, det var like mykje ei tevling om å vera best. I ein strokk skulle det vera sild som hadde nemninga tre-fir, i andre fir-fem, fem-seks og seks-sju. Dette var eit mål på kor stor silda var, dvs. kor mange sild det gjekk i ei tunne. Tre-fir eller drus som denne silda vart kalla, var den største. Av den gjekk det mellom 300 og 400 i ei tunne. Når strokken var full, tok ein mann og flytte han vekk, vog han og sette ei tunne merkt med laget sitt nummer attmed han.

Den andre kvinna på laget tok silda frå strokken og la i tunna etter eit visst mønster. Heilt nede i botnen skulle silda leggjast i «speil», så skulle ho leggjast i lag oppover - floleggjast - og så atter i «speil» heilt på toppen. Det var den finaste silda som vart plukka ut til å leggjast i speil.

#### *Moro med «speil»*

Det kunne vera moro og lått og løye midt oppe i det harde arbeidet, ikkje minst når det første speilet skulle leggjast. Det er langt ned til botnen i ei sildetunne, og det var med kvinnfolka som med silda, dei kunne vera nokså varierende i både lengde og vektklasse. Nokre var høge og slanke, andre stuttare og meir omfangsrike. Somme av dei kunne ha vanskeleg for å nå ned, og når dei hang over «tunnelaggen» og vipa med føtene i lause lufta, var det eit syn som skapte lått og liv på arbeidsplassen.

Det gjekk som nemnt mykje konkurranse i dette arbeidet. Legginga var vel ikkje alltid heilt perfekt, for det var om å gjera å ha mest. Fortenesta var viktig, men det kunne vera vel så viktig å ha ei tunne meir enn naboen!

Men kravet om å leggja i speil, vart alltid respektert, tunnene vart kontrollerte av ein vrakar, og kom dei ut for ein av dei verkeleg strenge vrakarane, kunne han kanskje underkjenna heile partiet om noko var gale.

Sildefisket og sildearbeidet hadde mykje å seia for økonomien til øyafolket. Dei aller fleste hadde nok ei eller anna tilkyting til denne næringa og dei innkomene silda gav.

Men det var også tale om eit direkte tilskot til familiehushaldet. Straks dei første båtane kom med sild til salteplassen, var det å koma seg dit for å henta sild til røyking. Ein fekk oftast ein halv og kanskje ein heil hektoliter utan å betala noko for det - og hadde ein vore så forsynleg å ta med ei bøtte, kunne ein jamvel få gratis salt også! Og så var det heim og sløya og laka og røykja silda. Og dermed hadde ein god mat i lange tider.

I dag er det ikkje salting av sild i Søre Øyane. På den eine salteplassen vart saltebuene brende for å gje plass til brua frå Lepsøy. To av plassane er ikkje nytta til noko, ein er liggjeplass og utstyrlager for ein av ringnotsnurparane. Av dei to hine er ein ombygd til «Ø- og vinnaust», medan den siste no er den største arbeidsplassen i Søre Øyane, Gje-Vi lakselakteri.

# Notidsfenomenet Golf

av Olav Hauge

Du har sikkert sett han. Ein kar – eller ei dame – eller kanskje 2-3 i lag – som går og tuslar bortetter eit jorde med ei trillevogn på slep. Han stansar opp og konsentrerer seg veldig om å treffa ein ganske liten ball med ein reidskap som ikkje synes vera særleg eigna til føremålet. Jordfiller flyr gjennom lufta, eit irritert utrop kan høyrast, deretter ser du han saumfara utmark og kratt i fleire minuttar på leiting etter ballen før han gjev opp og tuslar vidare. Kort tid etter kan du sjå om lag det same skodespelet ein gong til.

Ein kan undrast på at nokon frivillig bruker tida si på slike aktivitetar – gjerne fleire gongar i veka – sommar som vinter. For det er eit faktum at fleire og fleire gjev seg i kast med dette fenomenet som heiter Golf, både lokalt her i Os og i landet ellers. Ein reknar med at i inneverande år vil tal på medlemmer i norske golfklubber auke frå omlag 54 000 til godt over 60 000. Den lokale golfklubben i Os som heiter Bjørnefjorden Golfklubb (BjGK) har alt for ei god stund sidan sett tak på tal medlemmer med ca 850.

Kven er så den gjennomsnittlege golfaren? Forfattaren til teikneserien Dilbert let figuren Dogbert karakterisera han/ho med tre ting: 1) Lett å more, 2) har dårleg smak og 3) har mykje pengar. Eit blick på medlemslista til BjGK vil i alle fall raskt avkrefta punkt nr 3, men ein skal kanskje ikkje sjå heilt bort frå at det kan vera noko i pkt 1 og 2 (det ligg som kjent mykje glede i dårleg smak). Men eg er viss på det er mykje meir ved golfsporten enn det Dogbert ser.

Eg skal bekjenne at eg sjølv er ein slik ein som er omtala i første avsnittet. Eg går gjerne på golfbanen anten det er sol eller det er sludd og regn, sjølv om eg føretrekkjer

det førstnemde, og eg brukar ikkje ubetydeleg med tid på å leita etter ballar som er slått inn i skogen. Så kva kan det vera ved dette spelet som tiltrekkjer meg og mine likesinna. Eg skal prøve å peike på nokre moment.

Golf er i prinsippet eit svært enkelt spel – det går ut på å slå ein ball frå utslagsstaden ("tee") ned i holet (der flagget står) med færrast mogeleg slag i samsvar med eit sett reglar. Avstanden mellom utslagsstad og hol varierer frå ca 100 til ca 500 meter. Vanlegvis er det 9 eller 18 hol på ein golfbane, og forutan at banane har ulik lengde vert det også lagt inn ymse 'hinder' for å gjera spelet meir utfordrande. Dette kan vera bekkar, tjern, sandgroper ('bunkere') med meir. Når ballen havnar i eit hinder må du som oftast rekna med at du får eit eller fleire ekstra slag.

Når du har nådd ein viss dugleik i spelet vil du ta deg rundt ein 9-hols bane med bruk av frå ca 40 til 70-80 slag - ein god spelar går ein runde ned mot 30 slag. Ut frå rein sannsynlighetsrekning vil nokre av desse omlag halvt hundre slaga vera 'gode slag'. Ballen går dit du meinte og håpa at den skulle gå – på eller nær 'greenen' som er det kortklipte området der flagget er plassert – eller kanskje direkte i holet. Dei du går sammen med kjem med anerkjennande utrop – for det er dei opplært til gjennom kurs i *golfetikette*. Ditt selektive minne gjer at du straks gløymer dei 6-7 halvgode eller dårlege slaga du hadde rett før og etter det vellukka slaget. Du veit med deg sjølv at du med din mentale styrke og gode kroppsbeherskelse styrte ballen akkurat dit den skulle – og det er dette du tek med deg i minnet etter golf-frunden. Har du opplevd ein såkalla 'hole-in-one' – der ballen går i holet på eit slag frå utslagsstaden – vil du i årevis etterpå



### **Golf kan også vera naturoppleving**

hugsa alle detaljar rundt ballen sin perfekte bane og nedslag. Dei 40-50 andre slaga på same runden har du gløymd for lenge sidan.

Eit anna moment er mosjonen du får av ein golfrunde. Mange vil nok bli overraska over at spelet er meir fysisk krevjande enn det ein kan få inntrykk av ved å sjå på golf på TV. I løpet av ein 9-hols runde vil du gå fleire km i kupert terreng med nokre kg utstyr på slep og som tidlegare nemnd slå omlag eit halvt hundre slag. Dei fleste kjenner seg heller møre i kroppen etter dette. Teknikk og konsentrasjonsevne tel også mykje for å bli ein god golfspelar. Her ligg nok noko av løyndommen med spelet: Det krev såpass mykje merksemd og konsentrasjon at ein raskt legg av seg stress og bekymringar som ein måtte ha på førehand.

*Etikette* er noko som er særmerkt for golf: Ein legg vekt på vennleg og høvisk framferd

der ein oppmuntrar kvarandre og roser gode slag frå sine med- og motspelarar. At denne godviljen kanskje har sine grenser viser følgjande sitat frå ein ukjent golfer: "Er min venn havnet i bunkeren, eller er den jævelen på greenen?". Men etiketten er med på å gjera ein golfrunde til ei hyggeleg oppleving i dei aller fleste tilfelle. Det såkalla *handicap*-systemet bidrar også til dette. Det gjer at to spelarar med ulik spelestyrke kan konkurrera mot kvarandre på tilnærma like vilkår.

Mange føler at golfinteressa deira gjev ein ny dimensjon til ferieturar og andre reiser. Møter du opp åleine på ein golfbane på ein framand stad kjem du lett i kontakt med folk og finn som regel nokon som vil gå ein runde saman med deg. Men endå kjekkare er det sjølvsagt å reise fleire vener saman. Mange har golf som ein samlande familieaktivitet sjølv om entusiasmen kan vera varierende hos dei ulike familiemedlemmer.

Dette er vel noko av det same som får familiar til å reise saman på skytterstemner, trekkspelefestivalar og liknande år etter år. Golf er og ein av dei ting som ein kan drive med til langt opp i pensjonsalderen og mange pensjonistar gjev uttrykk for at det hevar livskvaliteten deira.

Konkurransmomentet betyr mykje for ein del, kanskje noko meir for menn enn for kvinner. Og turneringar er det mange av på ulike nivå. Her får ein dels oppfylt trongen til å konkurrera og dels er turneringane ein møteplass der ein treff vener og kjente.

Som golfentusiast unngår ein ikkje frå tid til annan spørsmålet eller påstanden om golf er ein snobbesport. Det kan hende at den er det. Eg vil heller sei det slik at golf er ein altfor stimulerande og inspirerande aktivitet til at ein såkalla "overklasse" skal ha monopol på den. Og veksten i golfmedlemskap dei seinare år talar sitt tydelege språk om at dette er blitt ein folkesport, det er vel no berre fotball og nokre få andre idrettar som har fleire medlemmer i Noreg.

Det skal heller ikkje stikkast under ein stol at det finst kontroversar i samband med den aukande utbreiinga av golfsporten. Desse går på bruken av areal som t.d. kunne vore nytta til matforsyning, på verdiar i bygdesamfunnet mot det meir urbane, med meir. Dei fleste i vårt område kjenner vel til den pågåande striden om Siljustøl i Fana der det er planar om å bruka deler av



*Har kyra gløymd både kulle og vogn?*

komponisten Harald Sæverud sin eigedom til golfbane. Eg skal ikkje her polemisera for eller mot dette, anna enn å peika på at også golfsporten på sitt beste har sterke kultiverande element i seg – både reint bokstaveleg når det gjeld landskapspleie og på det menneskelege planet ved å dyrke fram vennleg og høvisk framferd.

#### **FRÅ HERADSTYREPROTOKOLL 1892**

Tanken om apotek i Os dukka tidleg opp.

28.02.1892: «Forslag fra den Farmaceutiske Forening om at indgaa til Kongen med Ansøgning om at faa oprette et Apotek paa Os udsættes til et senere Møde.»

20.05.1892: Apoteksaka oppe på ny. Vedtak: «Forslaget bifaldes fortiden ikke.»

#### **HERADSTYRET 1898**

03.02.1898: «Mod en Stemme indvilgedes Andragende fra Fru Hansen Ulven om lov til at sælge Øl og Vin til de Militære under Vaabenøvelsen 1898.»

03.02.1898: «Ligesaa mod en Stemme indvilgedes Skydsskaffer Berg lov til at sælge Krusøl i Aaret 1898.»

#### **HERADSTYRET 1898**

16.03.1898 i Os Sognestyre: «Andragende fra Os Skytterlag om Bidrag til en Skytterbane, samt at vælge nogle Mænd til at være med at bestemme hvor den skal være. Valgte blev Kaptein Hægland og Henrik Søfteland. Andgaaende Bidrag til samme udsættes Beslutningen til et senere Møde.»

# Togreisa

av Barbra Røttingen

Det låg klagande tåke nedover åskammane då ho steig inn på stasjonen. Og inne var det travel søndagsstemning. Her var tett med folk. Små born som kom frå vitjing hjå helgepappa. Med skeive sekkar på spede ryggar. Eldre damer med skjelvande tynne hender rundt vesker med hjul på. Hastande karrieredamer med jordfarga dressar, dyr parfyme og dårleg samvit i morsmagar. Her var leitande ungdom. Og ho sjølv.

Ho kjende seg som i eit vakum. I kroppen var enno bitter smak frå vinen kvelden før. Og sviande hoste etter for mange såre sigaretter.

Kofferten kjendest som bly. Føtene ville mest ikkje bera henne. Tåka pressa seg inn over henne. Seig inn under huden hennar. Låg der som ei lammande sky djupt der inne.

Det var noko velsigna godt med togreiser. Å sitja anonym med hovudet kvilande mot ei glasrute. Naturen som flyg forbi. Som så mange møte på vegen hadde floge forbi. I den hese, ulande togfløyta kunne ein leggja sin eigen klagesong.

Ho tok opp øyrettelefonane, la dei om øyrene og lukka ut den siste bit av verda rund. Dei såre tonane til Ulf Lundell var som ei frigjeving. Så kunne ho leggja all si smerte i desse einsame orda hans.

Korleis kunne ho tru ho skulle kunna kalla attende noko som berre skulle vera ein gong. Korleis kunne ho grafsa i dette skjøre, vakre møtet mellom to. Som skulle ho produsera det Vårherre sjølv har laga.

Likevel. Det hadde vore så lett. Ho var i same byen att. I same by som han. Han som hadde gjeve henne ein augneblink av nåde i eit traust og triviellt tilvære. I eit liv der ein knapt kunne ana at hjarta slo. Der alle dagar var fylte av passive gjeremål. År etter år. Ingen djupe dalar. Men heller ingen høge tindar. Brått hadde han vore der. I juniregn. Ho hadde kjent det med det same. Understraumane. Dei gneistrande bølger...

Ho skvatt til. Måtte ha slumra inn ein augneblink. Uroa steig i brystet. Lungene var for små. Ho måtte røykja.

Sjanglande gjennom eit utal vogner var ho etter ei tid framme ved røykekupèen. Ho ramla ned på fyrste ledige sete.

- Er det ikkje vakkert no om hausten, høyrdest ei sart stemme ved sida av henne. Ho snudde seg og det gjekk brått opp for henne at ho faktisk sat klistra opp i eit anna menneske. Ei eldre kvinne med ein vever skapnad smilte mot henne. Ho måtte smila tilbake.

Visst er det fint, sukka ho.

Haustfargane er nydelege,- og det gjer det heile endå meir vemodig.

- Klara. Eg heiter Klara.

- Sigrid her.

Ho svara litt meir stutt no. Orka ikkje tanken på noko mas. Ho hadde så meir enn nok med seg sjølv. Det måtte då folk respektera.

Ho skulle byggja panser. Nye panser til å lukka seg inn i. Til å halda inne alt det vonde, og ute all innblanding.

Enno kunne ho høyra orda hans. Kvelt magi kalla han det. Det var som eit ope sår der inne. Eit ope, brennande, sviande sår. Som gret over tapte draumar.

- Me får prøva å leggja vår sorg i haustflammehavet, både eg og du. Sa den eldre kvinna.

Ho skvatt til, snudde seg imot for å sjå. Kven var denne kvinna? I setet sat ei lita dame i svart lammeullsdrakt, med det blåaste blick i det rynka, uthulte andletet. Ho var det vakreste, skjøraste, sterkaste mennesket ho nokon gong hadde sett. Det var som ho kom på vitjing frå sjølvaste Paradiset.

Borte var all hennar aversjon, hennar intense jobbing med å byggja nye panser. Her var det berre å lena seg attende. Og opna opp.

- Syner eg det så godt?, måtte Sigrid spørja, ja, at eg ikkje er særleg glad?

- Å, du veit, ein har då vore gjennom eit og

anna sjølv gjennom eit langt liv. Og mann-  
folka er vel dei me minst klarer å herda oss  
mot....

Ein sigarett vart til to. Vart til tre. Vart til  
mange.

Dei to kvinnene småprata i eitt. Dei lo. Dei  
rista på hovudet. Var tause saman. Og prata  
meir.

Ute gleid landskapet forbi, passerte mjukt  
og stille, utan motstand. Det steig  
mot sva. Små, krokete fjell-  
bjørk var det einaste som  
var dette storslagne ver-  
dig. Ho kjende slik  
lengt etter å stiga ut i  
dei grå fjellmassene.  
Riva av seg all бага-  
sje, all kamuflasje,  
og gå naken og  
open inn. Inn i det  
urgamle forvitra  
fjellet, som står.  
Like støtt. Når alt  
rundt ein ser ut til å  
ramla saman.

Ho tenkte på det fyrste  
møtet. Eit møte i varmt, for-  
førande sommarregn. Han sat  
der på bryggekannten med bare føter  
i vatnet. Såg på henne og smilte. Då ho vil-  
le seia noko, stoppa han henne.

- Nei, hadde han kviskra, me må ikkje øyde-  
leggja denne magiske augneblinken med  
ord. Det får koma sidan.

Og det var slik det hadde vore. Ein magisk  
augneblink. Eit nådestøt. Det hadde vore  
som to brennande ljøs som var kasta ut i  
universet. Som vart dregne mot einannan  
av magiske krefter. To glødande ljøs, som  
virvla seg inn i einannan, vel vitande om at  
dei kunne brenna einannan opp.

Før ho visste ordet av det hadde ho fortalt  
den eldre kvinna om det utrulege møtet.  
Om den eine mannen ho aldri hadde kun-  
na gløyma. Om eit heilagt møte ei sommar-  
veke, for femten år sidan. Dei hadde til-  
hørt einannan i sjel i all tid etter. Men han  
var ikkje for henne. Han hadde sin familie.

Men ho hadde hans hjarta likevel. I alle des-  
se år hadde ho bore denne løyndommen.  
Og like lenge hadde ho drøymt og lengta.  
Og visst at ein dag er han for meg att.

Den eldre kvinna hadde tårer i dei innsunk-  
ne, kloke augene sine. Varsamt la ho handa  
si over handa til sin nye ven.

- Og no brast livsløgna di. Det er difor du  
har slik sorg.

Det er noko heilagt med eldre  
kloke kvinner som har den-  
ne enorme, fredfulle vis-  
dom i seg. Og her sat  
ho og forstod det  
som eigentleg ik-  
kje var fortalt.

- Slik døyr me  
litt kvar dag,  
sukka ho. Me  
har så mange  
slags mål, så my-  
kje å lengta et-  
ter. Det er som ei

pulserande driv-  
kraft som dreg og  
dreg. Håpet om dei

store augneblinka. Dei  
intense hendingane som  
me får i gåve. Men som me ikkje

kan lata stryka forbi slik dei er tenkt. Alltid  
må klamra oss til. Eg har brukt eit heilt liv  
til å klamra meg fast. Klamra meg til stader,  
til hendingar, til menneske, stemningar.  
Det gode skal alltid vera så vanskeleg å slep-  
pa att.

Den vesle kroppen skalv av engasjement  
medan ho prata. Den skjelvande røysta had-  
de ei slik kraft at det kjendest som kom den  
like frå Vårherre sjølv.

Det vart stilt. Kvinna lena seg attende i setet,  
lukka augene og pusta djupt.

Sigrid kunne ikkje fatta kva som hende. At  
ho skulle få oppleva dette møtet. No når det  
kjendes som alt liv var over. At resten av tida  
berre var å gå på gammal rutine. Så dukkar  
dette oppkok av liv og kraft opp i ein røyk-  
fyllt kupè på Bergensbanen.



- Du må ha opplevd mykje i livet ditt, som er så klok....

Sigrid kviskra det mest til seg sjølv. Men den eldre kvinna sov ikkje. Framleis med auge- ne att kom det eit sorgfylt smil over andletet hennar.

- Eg er vel i sorg sjølv, ei sorg som er like tung som di høyrest ut til å vera. Eg kjem frå gravferd til min beste ven. Ein ven eg har hatt i førti år. Ho heitte Anna og budde i Halden. Me møttest på ein ferie i Danmark og har sidan den gongen levd i nær, ekte relasjon med einannan. No er ho borte.

- Var ho gammal?

- Ho vart aldri det, Anna, ho dansa på ve- gen som ei nyfike ungjente til sin siste dag. Men ho levde lenge, mest i nitti år.

- Fortel meg om din beste ven.

Og kvinna fortalde. Om liv og lått, om rei- ser og møte, om kjærleik og tillit, og om mot. For korleis kunne to menneske vera så tett i einannan? Korleis kunne ein våga og kle av seg slik, for andre enn seg sjølv?

- Det var aldri vanskeleg å opna opp for Anna. Ho eigde ei kraft i den ho var, som gjorde at ein kunne kle seg naken som ein var. Anna elska det ekte og ærlege, og då kunne det aldri vera stygt.

Ho var det mest heile menneske eg har møtt. Og eg trudde ho ville leva evig...

- Du må ha ei gruffull, smertefull sorg no då?

- Ånei, korleis kunne eg det! Eg er så takk-

sam. Tenk å få ei slik gåve i livet, å få ha ein ven som ein får møta med heile seg! Nei, kjære deg. Denne sorg er deilig. Eg kjenner så mykje liv i mine tårer for Anna.

Det vart tyst lenge etter dette. Ute hadde fjellbjørkene måtta gje tapt. Det snauslipte grove fjellet hadde for lite å by på.

Likevel,- det var så vakkert. Dei bogne for- masjonane som strekte seg ut som nuppan- de kvinnebryst. Dei isblå fjellvatn som braut med det grå. Raudglødande lyng som klam- ra seg inntil fjellet i rein trass.

Togreisa eigde enno tid. Tid til å la alt strø- ma gjennom. Utan motstand. Togreiser er ein pause frå tida som går og går. Frå tankar ein ikkje let få plass i dei overfylte timar. Og på denne reisa fekk ein stiga inn i nye rom. Og møta seg sjølv i ny påkledning. Og fekk kjenna på det veldige spenn mellom glede og sorg, mellom bitterhet og takksemd, mellom det veike og det sterke.

Så skulle ein altså få lov til å sjå at det fram- leis var mykje att. At sjølv knuste drøymar eig lukke i seg. At lengten fører ein vidare. Mot nye kjensler. Mot nye møte. Mot meir liv.

Og at det einaste ein eig er augneblinken. Denne togreisa mellom det som var og det som kjem.

I Bergen sat ei eldre kvinne i ein drosje. Ho var aleine. Og skulle heim til eit tomt hus. Men ho var mindre einsam enn dei aller fleste som vart henta heim.

#### HERADSTYRET 1898

16.03.1898:»I Henhold til Lov af 14. juli-97 om Geistlige Embedsmænds Lønning prgf. 4a bestemtes at Prisen paa Tiendehavren skulde udgøre 10 øre pr. kg som var Middel Salgspris for Havren i de sidste 10 Aar fra og med 1887. Sognepræsten var tilstede i Mødet og havde dertil intet at bemerke.»

#### HERADSTYRET 1898

12.05.1898: «Et Andragende fra Opsidderne paa Midtsæter til Stortinget om Statsbidrag til Veien Rød - Øverdalen bliver at indsende til Amtsformandskabet idet Herredstyrelsen maa anbefale Andragende paa det beste.»

#### HERADSTYRET 1898

10.08.1898: «Prisen paa Byg og Rug i det forløbne Aar fra 1/7 til 30/6-98 bestemtes saaledes: Byg 8,00, Rug 7,50 for Hektoliteren.»

#### HERADSTYRET 1898

Os Sognestyre 31.10.98: «Vinsjans Lien bemyndiges til paa Kommunens Vegne at faa udbedret nogle Mangler ved Spanstigbroen.»

#### HERADSTYRET 1898

Os Sognestyre 28.12.98: «Et Andragende fra Huseierne paa Osøren om Anskaffelse af lygter der- steds. Enst. besluttedes at anskaffe en Lygte ved Broen paa Osøren.»

28.12.98: «Hæglandsdalen Veianlæg tilstedes med 4 mod 2 st. et Forskud paa kr. 200,- mod Refusion inden Aaret 1899's udgang.»

Kvalitet i samarbeid med



Flåten Senter, 5200 Os, Tlf. 56 30 66 50

# Bohus

Telefon: 56 30 34 10

## Din totalleverandør av finansielle tenester

### KREDITKASSEN

*Vi gir deg bedre råd!*

Filial Os - 5200 Os - Telefon 5657 2010 - Telefax 5630 2737

Blomar og planter  
i store parti  
me kjøper og sel  
frå vårt gartneri.

**a/s kystland**  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15

*Me har alt du treng som malar  
når du eigenhendig balar.  
Men me hjelper gjerne til  
når du sleppa mala vil.*

 MALERMESTER  
**ARNE STRØNEN** 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

## OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret:

Leiar: Elfrid Moberg

Skrivar: Olav Kvåle,

Kasserar: Oddvar Bentsen

Styremedlem: Signe Rydland, Lars Skorpen

*Ta kontakt med eit av styremedlemene.*





## BJØRNEFJORDEN

*Gjestetun*

Bjørnefjorden Gjestetun AS, 5200 Os  
Tlf: 56 30 40 00 Fax: 56 30 05 90  
www.bf-gjestetun.com

*kurs, konferanse, overnatting, selskap*

## OS UNGDOMSLAG

skipa 1890

Ver med oss i arbeidet  
for norske folkedansar:  
Songdans, turdans,  
gamaldans og  
bygdedans.

Sjå lysing i  
Os & Fusaposten

GEO  
GRAFISK A.S BERGEN

**Kvalitets-trykksaker  
til riktig tid og  
riktig pris!**

Geo Grafisk AS Bergen  
Besøksadresse: Kokstaddalen 47 • 5061 Kokstad  
Postadresse: Postboks 161 • 5061 Kokstad  
Telefon: 55 22 87 90 • Telefax: 55 22 88 07  
E-post: oerlarse@online.no

## Vi støtter det lokale kulturmiljøet!

Hos oss får du alt du trenger innen bøker, fag-  
litteratur, CD-rom og data, papir og rekvisita.  
Vi har også mange godbiter fra ditt lokale miljø!

### M.K. OLSEN INTERBOK

5200 Os • tlf: 56 30 04 30 • fax: 56 30 29 80  
e-mail: mkointer@online.no

## Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

**M. HAUGE'S**  
*Planteskole*  
Moberg - 5200 Os  
Tlf. 56 30 03 60.

## Mobergs VIKJO

Kafe og Sjøbad  
Tlf.: 56 30 05 76



Alltid tilbud på  
dagens middag  
Rikholdig á la carte

## Kvalitet!

- VERKTØY -
  - MASKINER -
  - REDSKAP -
- for  
HUS OG HAGE

### JERNIA


P. M. SÆLEN & CO. AS

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS



LOKALKONTOR  
Bjørnegården  
5200 OS  
Tlf. 56300690

REGIONKONTOR  
Sandslimarka 31  
5049 Sandsli  
Tlf. 55984820

Rådgjevande ingeniørar 



HALHJEMSVEIEN - 5200 OS




**RENOVASJON -  
CONTAINERSERVICE**

**Tek på meg all slags bosskøyning.**

Ring tlf.: 56 30 58 35 - Lager kolskogen: tlf.: 56 30 16 17

Døgnvakt Mob.: 945 67 241

*Når reiselysten veks seg stor  
hos folk som bur ved Bjørnefjord,  
kan dei alltid gå til vårt reisebyrå.*



POSTBOKS 260 - 5201 OS  
TELEFON: 56 30 11 90 • TELEFAX: 56 30 27 01

Me har stolar og sofakrok  
der du kan kosa deg med  
ei bok.

Me har også seng og bord,  
både for liten og for stor.

**Møbelservice  
på Sjøteland**

Tlf. 56 30 71 70 - 56 30 72 31 Fax. 56 30 74 35

**LARS LEKVEN**

SIV.ARKITEKT MNAL NPA

Bryggen 13 - 5003 Bergen

Telefon: 55 32 79 50

Telefax: 55 32 90 64



*Til kjøkken, bad og vaskerom  
har vi det meste, så berre kom  
og kjøp det du treng, vi installerar,  
når gamle røyr ryk, vi reparerar.*



**Sverre Samdal**  
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat: 56 30 02 55  
Kontor: 56 30 15 83  
Mobil: 917 56 680

**ARKA<sup>®</sup>**  
**KAROSSERIER**



**Bli abonnent du òg!**

*Her finn du  
SISTE NYTT  
om det som hender  
i heimbygda di!*

**OS & FUSA  
POSTEN**

Boks 273 - 5201 Os - Tlf. 56 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg  
Me mjuke tepper på golvet legg  
Me skaffar gjødsel til hagen din  
så plenen veks seg grøn og fin

**FARGERIKE Interiøren**  
AS Os Fargehandel

5200 OS - TLF 56 30 03 80 - FAX 56 30 14 72

*Roser og  
dekorasjonsplanter  
Gartneriutsal*

**Erling og Terje Lunde - Gartneri**  
5200 Os - Telefon: 56 30 40 70

Alt i delar og rekvisita



**Bilens  
Butikk** a.s

Olav Tøsdal jr.  
Steinneset, 5200 Os  
tlf: 56 30 63 50  
fax: 56 30 46 10  
mobil: 905 54 583  
priv: 56 30 24 46

# Spare Bank **1** Vest



*Vi ønsker kvar ein handlegjest  
velkomen inn til handlefest,  
Velkomen også du som kjenner  
deg heime her blandt gode venner.*

**ÅPNINGSTIDER:**  
Hverdager 10 - 20  
Lørdager 10 - 16  
Mat 9 - 18

**FLÅTEN**  **SENTER**

Telefon: 56 30 03 50

## DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSKAP

Hos oss kan du få dekket dine  
totale forsikrings- og lånebehov

*Ta kontakt med oss!*



## GJENSIDIGE Vest

OS Tlf.: 56 57 20 00  
FUSA Tlf.: 56 58 10 90

BJØRNEFJORDEN GULLSMIE 

*“ Fordi du er gull verd! “*

Landboden 5200 OS, 56 30 50 00

SJEKK SYNET HOS OSS  
**INTEROPTIK**

**H. Bakketeig AS**

Telefon: 56 30 18 00  
Telefax: 56 30 76 50



# Den norske Bank

***Vi har mulighetene – du har valget!!!***

**Telefon: 56 300 700**



## OSKRAFT<sup>AS</sup>

— *Rein energi* —

Telefon: 56 30 44 00 - Telefax: 56 30 44 10

***Din lokale kraftleverandør***